



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	29.11.2012	178/12	BHM

Avgjerd av: Saksansv.: Bjørn Henry Marthinussen	Arkiv: K1-	Arkivsaknr.: 12/2553
--	----------------------	--------------------------------

Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning Frå Vassområde Nordfjord

Dokumentliste:

Vedlegg :

Dok.nr	Tittel på vedlegg
63952	Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning Frå Vassområde Nordfjord

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Forskrift om rammer for vannforvaltningen

Kva saka gjeld:

Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning Frå Vassområde Nordfjord

Bakgrunn for saka:

Dokumentet Vesentlege spørsmål om vassforvaltning for Vassområde Nordfjord har som mål å vise kva viktige utfordringar ein står framfor når ein no skal utarbeide forvaltningsplan for Vassregion Sogn og Fjordane i medhald av Vassforskrifta. Forvaltningsplanen skal tre i kraft frå 2015. Det er viktig med eit felles grep for å vidareføre arbeidet med å betre tilstanden i vassdrag og fjordar, og for å unngå at nye miljøproblem oppstår.

Saksutgreiing:

Mål for vassforvaltninga

Målet med forvaltningsplanarbeidet og Vassforskrifta er å oppnå god økologisk status eller godt økologisk potensiale i alle vassførekomstar innan 2021.

Dokumentet sin funksjon


Dette dokumentet er eit supplement til høyringsdokumentet «Vesentlege vassforvaltningsspørsmål – midtvegshøyring i arbeidet med forvaltningsplanen for vatn», som er utarbeidd for Vassregion Sogn & Fjordane av Fylkeskommunen og lagt ut på høyring 01.07.2012. Dokumentet som her ligg føre gir meir detaljkunnskap om påverknadar og utfordringar i vassområde Nordfjord, og vil bli nytta som bakgrunnsmateriale for tiltaksanalyser og overvåkingsprogram som skal lagast for vassområdet.

Tabellen viser ansvarsfordeling i vannforvaltninga.

Ansvarsfordeling	Ansvarlig sektormynde
Regulering, flomverk og forbygging av vassdrag	NVE
Sur nedbør, middels grad	Nasjonale styresmaktar
Forureining landbruk	Kommunen
Forureining kommunale avløp og avfallsdeponi	Kommunen / Fylkesmannen
Industriutslipp	Kommunen / Fylkesmannen / Klima- og forurensnings-direktoratet
Rømt oppdrettsfisk og taretråling	Fiskeri-direktoratet
Lakselus	Mattilsynet
Avgrensa vassgjennomstrauming: Vegfylling, molo	NVE / Fylkesmannen
Eutrofiering frå fiskeoppdrett	Fylkesmannen
Planmyndigheit i vassregion	Fylkeskommune

Klassifiseringssystemet

Om den økologiske tilstanden er under streken (moderat, dårleg eller svært dårleg) skal tiltak setjast inn for å løfte tilstanden til god eller svært god. Tilstanden der den er god eller svært god skal ikkje reduserast. Den raude streken indikerer grensa for berekraftig bruk.



Bremanger kommune - Vassførekomst i «risiko»

	Totalt	Elv	Innsjø	Kyst/fjord
Totalt	87	70	43	4
Regulering	65	35	30	
Forsuring	36	23	13	
Lakselus	7	7		
Forbygging	4	4		
Jordbruk	1	1		
Industri	1			1 (Nordgulen)
Avløp	1			1 (Nordgulen)
Fikseoppdrett	1			1 (Nordgulen)
Vegfylling	1			1 (Berlepollen)

Dette er ei førebels risikovurdering, som på bakgrunn av høyringsuttalar kan verte revidert. Det endelege utvalet av vassførekomst med risiko, vil vere utgangspunktet for vidare arbeid med å vurdere overvåking og tiltak, fram mot ein endeleg forvaltningsplan. Vedlegg A er ei liste over alle vassførekomst i Bremanger kommune som er vurdert med risiko.

Eks på at lokale bedrifter må bidra til at miljømåla for vannforekomsten blir nådd. Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) pålegger Elkem Bremanger å foreslå tiltak som kan bidra til at miljømålet for vannforekomsten blir nådd. Dersom dere mener bedriftens påvirkning på vannforekomsten er så lite at tiltak ikke er nødvendig, må dere begrunne dette i tilbakemeldingen til Klif. Informasjon om mulige tiltak og kostnader skal sendes Klif innen 15. januar 2013. Vedtaket kan påklages innen 3 uker.

Det er høve til å kome med innspel til vassområdeutvalet til dokumentet. Send innspel innan 31.12.12 til Gloppen kommune ved Staffan Hjohlman, e-post: staffan.hjohlman@gloppen.kommune.no

Dokumentet Vesentlege spørsmål om vassforvaltning Frå Vassområde Nordfjord ligg elektronisk som pdf-fil på kommunens heimeside.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

29.11.2012 Formannskapet

FSK-178/12 Vedtak:

Formannskapet tek innspel til vesentlege spørsmål om vassforvaltning frå vassområdet Nordfjord til vitande med merknad om at ein i tillegg må ha fokus på industriell påverknad i Nordgulen og fiskeriindustri rundt Kalvåg.

.....

Klagerett/anke

De har rett til å klage over vedtaket. Klageinstans er _____

De kan klage til klageinstansen, men meldinga skal først sendast til den driftseining/avdelinga De får denne meldinga frå. Dersom ikkje driftseininga /avdelinga endrar vedtaket som følgje av klaga, vil ho bli send vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefrist er 3 veker frå den dagen denne meldinga kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk oppgje når De mottok denne meldinga.

Dersom klaga vert send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Har De særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få klagefristen forlenga. De bør i tilfelle nemne kvifor klaga er forseinka.

Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast iverk straks. De kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Elles vil sakshandsamar kunne gje nærare informasjon og rettleiing vedkommande klage.